





KJÆRLEIK  
PÅ KRIM





# SLAWOMIR MROZEK

er fødd 26. juni 1930 i Borzecein, i nærleiken av Krakow Polen. Far hans var postfunksjonær. Mrozek studerte arkitektur og kunstmåling ved Kunstakademiet i Krakow, han har òg studert orientalsk språk og filosofi. Han byrja alt i studietida å publisere satiriske teikningar og småstykke, og har arbeiddd som teaterkritikar, journalist, satirisk teiknar (i sportsavis). I 1958 vart Mrozek redaktør for vekebladet *Postepowic* (Den progressive), der fleire av dei satiriske småstykkane hans vart trykte. Dei vart seinare samla i ei bok med same namnet. Han har skrivne noveller for ei rad polske publikasjonar, og dei humoristiske teikningane hans kjem regelmessig i magasinane *Przekrój* (Gjennomsnitt) og *Szpilki* (Nålestikk). Han hadde gjennombrøt som dramatikar i 1958 med stykket *Politi* (Policja). Han har skrivne om lag 20 skodespel, m.a. *Karol* (1960), *Kalkonen* (1960), *Strip-tease* (1961), *Tango* (1964), *Waltz-laff* (1970), *Emigrantane* (1974), *Pukkelryggen* (1977), *Skreddaren* (1979), *Til fots* (1981), *Ambassadøren* (1981), *Ein sommardag* (1982), *Alfa* (1983), *Kontrakten* (1985) og *Kjærleik på Krim* (1993).

Den første novellesamlinga hans, *Elefanten* kom ut i 1975 og er omsett til fleire språk. Det er òg dei seinare novellene han har skrivne, samla under tittelen *Beiske humoreskar*. Mrozek har fått ei rad prisar i heimlandet og utanlands for skodespela sine. Mrozek reiste frå Polen i 1963 og oppheldt seg først ei tid i Italia. Frå 1968 budde han i Frankrike, no bur han i Mexico. Men han er stadig på farten, og stykkane hans blir spela over heile verda.

Slawomir Mrozek vart ofte plassert i boks med dei europeiske absurdistane som hadde sitt gjennombrøt på 50- og 60-talet. Han vart gjerne rekna som den første polske dramatikaren som etablerte seg innanfor vesteuropeisk avant-garde. Det som lett blir gløymt når slike merkelappar blir henta fram, er at Polen har sine egne rike litterære tradisjonar, og at det er der Mrozek har røtene sine. Han veks fram av ein tradisjon som har fostra ein Gombrowicz, ein Witkiewicz. Ein framstående polsk teaterkritikar har filosofert over dette spørsmålet i ein artikkel: “Det spesielle ved det polske drama i vårt hundreår ligg i den makelaus evna til å sameine absurdisme og realisme. Dette finn ein alt i Stanislaw Wyspianski skodespel, som i byrjinga av hundreåret la grunnlaget for moderne polsk dramatik og teater. Wyspianski forstod korleis ein i absurd form, men utan å miste kontakten med røyndomen, kunne skildre polsk liv. Eller tvert om: den absurdistiske teknikken hans tente det føremål å samle publikumsinteressa om røyndomen sine problem... Absurditetane i Wyspianski drama har eit heit konkret siktemål: dei er distanseringseffektar, slik Brecht skulle kome til å nytte dei i sine verk tretti år seinare. På same måten nyttar Witkiewicz, Gombrowicz og ikkje minst Mrozek den absurdistiske teknikken.

I dei beste stykkane sine tar han gjerne i bruk absurd humor og groteske innfall. Han utnyttar kontrasten mellom ord og bilete, mellom dialog og handling for å tydeleggjere ein røyndom som i seg sjølv er absurd. Han vil provosere publikum til å trekkje sine egne politiske, filosofiske og moralske slutningar. Frå 1956 tilhøyrde han ein av dei mest populære forfattarane i Polen, publikum lykkast

med å tvinge styresmaktene til å tolerere han, særleg som satirikar. Etter krigstilstanden i Polen (1981) vegra han seg mot å samarbeide med dei offisielle forlaga og uttala seg svært kritisk om styresmaktene. Etter berlinmurens fall er bøkene og stykkane hans jamt i polsk TV, på teatra og i bokhandelen. I 1990 vart 60-årsdagen hans feira med jubel, varme, humor og store publikums-ovasjonar i Krakow. Mrozek har fått ei rekkje internasjonale prisar for forfatterskapen sin.

Og kjærleiken? Ja, den finst og er kanskje den viktigaste faktoren i menneska sitt indre. Men Mrozeks figurar kan berre elske ulykkeleg. Dei jagar etter tilfredstilling utan omsyn til historia sine krav. Dei er som dei er. Det har dei hos Mrozek akseptert for lenge sidan. Men lettare har det ikkje blitt for dei. Kvar som helst kjem dei til å jage etter kjærleik på historia sine vilkår. Dei tilpassar seg for å bli elska. Javisst, historia overraskar dei, og da blir dei komiske, men i *Kjærleik på Krim* har Mrozek kanskje ei større overrasking for dei. Kanskje finst det eit fælare monster enn historia, som samstundes kan bryte ned alt som historia har skapt. Kanskje den bibelske Leviatan ventar på dei?

Slawomir Mrozek på Det Norske Teatret: *Tango* 1966, regi Barthold Halle, dekor og kostyme Guy Krohg, *Pukkelryggen* 1979, regi Ingebjørg Sem, dekor og kostyme Madla Hruza, *Ambassadøren* 1982, regi og scenografi Bjørn Endreson, *Kontrakten* 1986, regi Gerhard Knoop, scenografi Lubos Hruza.

# HISTORISK OVERSIKT:

		1916	krigen og døypt om til “Leviathan”. Lenin skreiv <i>Imperialismen som kapitalismens høgaste stadium</i> .		for det kommunistiske partiet. Han varsla om ei ny politisk retning i sovjetisk politikk, med omgrepet Perestroika.
1898	Moskva Kunstnarateater blir grunnlagt av Konstantin Stanislavskij og Nemiróvitj-Dántjenko. Den sibirske jarnbane blir ført gjennom Manchuria til Vladivostok.			1989	Berlinmuren fall den 9. november. Dei kommunistiske regima i Aust-Europa fall eitt etter eitt.
1901	Prozorov systrene viser til stykket <i>Tre systre</i> av Anton P. Tsjekhov.	1917	Tsar Nikolaj II abdiserte i mars. Den 26. oktober starta revolusjonen m.a. med panserkryssaren Auroras skot mot Vinterpalasset og i løpet av november tok bolsjevikane makta.	1990	I Moskva opnar den første Mac Donald's.
1904	Jermoláj Alekséjevitsj Lopákhin, kjøpmannen i <i>Kirsebærhagen</i> av Tsjekhov. Den russiske forfattere og dramatikaren Anton P. Tsjekhov dør.	1918	Første verdskrigen sluttar. Tsar Nikolaj II og familien hans blir avretta.	1991	Ved vanleg folkerøysting vart Boris Jeltsin vald til president for Republikken Russland i juni. I august prøvde gammel-kommunistane seg på eit statskupp og Gorbatjov gjekk av. I desember slutta Sovjetunionen å eksistere.
1904 - 1905	Russarane leid eit knusande nederlag i krigen mot Japan, da den russiske flåten vart senka ved Port Arthur.	1920	Den russiske generalen Peter Wrangel blir leiar av “den kvite hæren” (kvitegardistane) og dannar ei sørrussisk regjering på Krim. Han utnyttar Sovjets krig med Polen til ein offensiv i Ukraina, men i november vart han slått av hæren til dei raude.		Halleys-komet, komet med den lengste kjende historia. Har vore observert 29 gonger.
1905	Den første russiske revolusjonen bryt ut, med streikar, attentat og “den svarte søndagen” i St. Petersburg. Det førte til grunnlegginga av det russiske parlamentet, Dumaen. Matrosane på panserkryssaren Potemkin, som låg ved Odessa på Svartehavskysten, gjorde myteri.	1922	Josef Stalin vart utnemnd til generalsekretær for det kommunistiske partiet.		Kvas, russisk hushaldningsdrikk, laga etter ymse oppskrifter: m. a. malt, mel, sukker, pepparmynte og gjær: svakt alkoholhaldig, syrleg og leskande.
1906	Den russiske forfattere og dramatikaren Maksim Gorkij (1868-1936) flykta til Vesten. Stykket hans <i>På botnen</i> (1902) er betre kjend som <i>Nattherberget</i> . ( <i>Natasylet - Paa bunden</i> )	1924	Lenin dør. På den XIII partikongressen lykkast det Stalin å styrke posisjonen sin i det kommunistiske partiet.		Lebensraum/olbogerom, slagord som går attende til Karl Haushofers geopolitiske skole, som opererte med “folket sin naturlege rett til livsrom”. Eit sentralt omgrep i den nasjonal-sosialistiske ideologi.
1912-1913	Balkankrigane, som styrkte dei slaviske landa og Russlands posisjon på Balkan.	1925	Den russiske filminstruktøren Sergej Eisenstein laga det berømte filmverket <i>Panserkryssaren Potemkin</i> .		Leviatan, gammalt mytologisk namn på uhyre som levde i urhavet, Jahve sigra over det ved skapinga, sjå Sal. 74,14.
1914	Første verdskrigen bryt ut. Den store Atlanterhavsdamparen “Vaterland” (på denne tida den største i verda) vart bygd i Hamburg. Skipet vart beslaglagt av amerikanarane under	1927	Stalin hadde fjerna alle rivalane som stod i vegen for makta, også Lev Trotskij. Maksim Gorkij blir kalla heim frå eksilet sitt på den italienske øya Capri.		Vladimir Majakovskij, sovjetisk dramatkar og regissør.
		1928	Den første femårsplane blir sett i kraft.		Nihilisme, 1) eit syn som avvisar alle verdiar og normer og framhevar det meiningslause i det å vere til. 2) revolusjonær anarkistisk rørsle under tsartida i Russland.
		1985	Gorbatjov vart vald til generalsekretær		

# KJÆRLEIK PÅ KRIM

av Slawomir Mrozek  
omsett av Ole Michael Selberg

Regi: LASSE DEHLE

Scenograf: HELGE HOFF MONSEN

Pjotr Aleksejevitsj Sjejkin,  
løytnant, 30 år gammel  
Tatjana Jakovlevna Borodina,  
lærarinne, om lag 28 år gammel  
Ivan Nikolajevitsj Zakhedrinskij,  
tvidydig person, om lag 50 år gammel  
Aleksander Ivanovitsj Tsjeltsov,  
kjøpmann, 45 år gammel  
Matriona Vasiljevna Tsjeltsova,  
kona hans, 45 år gammel  
Rudolf Rudolfovitsj Wolf,  
jarnvegsingeniør, 30 år gammel  
Lily Korolevna Svetlova,  
skodespelarinne, 25 år gammel  
Anastasija Petrovna Batusjkova,  
tenestekvinne, 60 år gammel  
Ilja Zubatyj, proletar poet,  
22 år gammel og Den første  
Petja, ca. 27 år  
'Ein fransk turist og Den andre  
Første matros  
Andre matros  
Vladimir Iljitsj Uljanov-Lenin,  
revolusjonær, 40 år  
Katarina den store  
Ein varulv

LASSE KOLSRUD

ELISABETH MATHESON

BERNHARD RAMSTAD

SVEIN ERIK BRODAL

TRINI LUND

SIGVE BØE

GRËTHE RYEN

ULRIKKE GREVE

PAUL-OTTAR HAGA

ÅSLEIK ENGMARK

RAGNAR DYRESEN

MAGNE LINDHOLM

ARILD F. BERG

ROALD DIDRIKSEN

LINE RØRDAM

ROALD DIDRIKSEN





Inspisient	KRZYSZTOF SELIGA
Teknisk produsent	TOM JUST JOHANSSON
Maske	TRUDE SNEVE
	THORILD BRATTEN
Lyssetjar	TERJE WOLMER
Lyd	IGOR ZAMARAJEV
Rekvisitør	MARIT FJELDSTAD
Suffli	ANNE FLADMOE
Scenekoordinatorar	EIVIND MOLAND
	KARL OTTO TANGEN



Handlinga i *Kjærleik på Krim* strekkjer seg over det meste av det 20. hundreåret: 1. akt går føre seg rundt 1910, 2. akt går føre seg rundt 1928 og 3. akt går føre seg rundt 1991.

Musikk til songen *Jamsjtsjik* (Skysskaren) er komponert av J. Feldman, tekst er skriven av N. Ritter.

Red. Lasse Dehle, Cecilia Ötveezky, Kari Lise Kolås

Foto Espen Tollefsen • Layout Knut-Jarle Hvitmøy • Trykk Falch Fargestrykk AS  
Teaterforlag Arvid Englund AB

Premiere på Scene 2 den 7. februar 1996



# RUSSLAND SETT FRÅ KRIM

Halvøya Krim ligg langt frå det geografiske og administrative sentrum, men i Russlands urolige historie har Krim vore ein sentral arena. Alt antikke kjelder nemner Krim. Omkring 600 f.Kr. grunnla grekarane koloniar her, lik eit forvarsel om den seinare greske innverknaden som gjennom den ortodokse kristendomen kom til å prege heile den russiske kulturen.

På 1200-talet vart Krim erobra av tartarane, eller mongolane, og saman med resten av Russland var det frå 1224 til omkring 1480 eit lydrike under mongolkhanen. I 1771 vart området russisk, og yndlingen til Katarina den store, Potjemkin, grunnla fleire meir eller mindre fiktive byar på halvøya. Det var på reisa si til Krim at Katarina vart presentert for dei berømte “Potjemkin-kulissane”; ei liksomverd av flotte husfasadar, som skulle syne keisarinna den velstanden generalen hadde skapt.

Krim-krigen, frå 1853 til 1856, vart for dei russiske styremaktene og delar av den russiske intelligentsiaen det endelege prøvet på at Russland var noko heilt anna enn Vest-Europa. Verken kulturelt eller politisk kunne landet høyre til Europa, dei europeiske stormaktene kjempa på tyrkarane si side mot “det heilage Russland” som vart ståande åleine som forsvarar av kristendomen. I borgarkrigen som fylgde den russiske revolusjonen i 1917 var Krim den siste skansen for “Dei kvite”. Her gjekk medlemmer av tsarfamilien og resten av aristokratiet ombord på skip som førte dei i eksil til

Vest-Europa. I 1921 oppretta bolsjevikane ein såkalla autonom republikk for krimtatarane, men under 2. verdskrigen var halvøya ei tid erobra av tyske styrkar, og då ho kom på sovjetiske hender att, skulda Stalin krimtatarane for kollektivt forræderi og forviste dei til Sentral-Asia. Først i våre dagar har dei byrja å vende attende, men hus og heimar er for lenge sidan overtekne av ukrainarar. Fram til 1954 var Krim ein del av Den russiske republikken i Sovjetunionen. Khrustsjov gav då Krim til Ukraina som jubileumsgåve i samband med feiringa av 300-årsjubileet for den russisk-ukrainske unionen. Føremålet var å markere den ubrytete venskapen mellom dei to slaviske folka. Resultatet ser vi i dag: Etter at Sovjetunionen er oppløyst og Ukraina har fått nasjonalt sjølvstende, ser ein no rivingar og konflikter mellom russarar, som er i fleirtal på Krim, ukrainarar og krimtatarar. Det har vore på tale å gjere Krim til ein sjølvstendig stat, eller knyte halvøya til Russland att. Enno er Krim ein del av Ukraina, men Svartehavsflåten til både Russland og Ukraina ligg i Sevastopol.

Uansett politiske skiftingar har Krim til alle tider og under alle tsasar vore feriestad nummer ein for Russland og Sovjetunionen. Det var også eit av dei få områda i dette kjemperiket der ein kunne dyrke vin. Og sjølv sagt har både klima og vindyrking sine politiske konsekvensar.

I den korrupsjonskulturen som særleg voks fram under Bresjnev, var klimaet og dei ettertrakta jordbruksprodukta eit grunnlag for utviklinga av ein skyggeøkonomi, som var nært knytt til den herskande partinomenklaturen. Pampane på Krim rådde over goder som feriestader og sydrukter, og dette gav dei ein særleg maktposisjon. Delar av

dagens “russiske mafia” har røtene sine i desse strukturane. Men før det kom så langt skulle Krim, så og seia midt under Sovjetunionens dødskamp, sjå to viktige hendingar, den eine politisk, den andre meir symptomatisk.

Det var på feriestaden sin på Krim at den første og siste presidenten i Sovjetunionen, Mikhail Gorbatsjov, vart halden som gissel i august 1991, medan det farseliknande kuppforsøket gjekk føre seg i Moskva. Kuppakarane ønskte å återreise stordomen til både kommunistpartiet og Sovjetunionen. Resultatet vart fullstendig oppløysing av Sovjetunionen og ein triumf for Boris Jeltsin. Feriereisa til Krim var noko av det siste den reformvnnlege Gorbatsjov gjorde som “tsar”. Det første han gjorde etter at han vart vald til generalsekretær i 1985, var å sende ut påbod som skulle avgrense det enorme alkoholkonsumet i Sovjetunionen. Blant aparatsjikane på Krim vart dette tolka som at vinproduksjonen skulle stansast eller setjast ned til eit minimum. Følgjeleg gav dei ordre om at vinrankane skulle hoggast ned. Det blir fortalt at fleire vingardsstyrarar på Krim tok sitt eige liv då dei århundregamle stokkane fall.

I Slawomir Mrozek *Kjærleik på Krim* blir det ikkje hogge vinstokkar. I staden helsar forfattaren Tsjekhov, og let ein av personane snakke om ein kirsebærhage som skal hoggast ned og seljast. Og opninga i stykket går før seg i Tsjekhovs verd. Han lenne sine siste år på Krim, og legg handlinga i *Dama med hunden* dit. For Tsjekhov sine figurar og for hovudpersonane i første akt av Mrozek sitt skodespel, er det som om den ytre verda er litt framand, vemodsfylt og spøkelsesaktig. Menneska maktar ikkje heilt å gripe inn og finne seg til rette.



Noko av det mest påfallande i russisk kulturhistorie, når ein samanliknar med “vår verd”, er då òg at ein i Russland har hatt - og har - eit anna forhold til ting og hendingar i denne verda. Dette kan sporast attende til påverknaden frå “grekarane”, altså frå den ortodokse kyrkja. Den innprentar i alle fall eit asketisk tilhøve til omverda, og har syn for ånda i dei timelege ting. Det er ikkje den røynelege verda og menneska i den som betyr noko, men deira åndelege potensiale. Det er nok i dei store russiske romanane vi lettast kan merke denne interessa for dei løynde sidene ved ting og menneske.

Men ikkje berre ortodoksens vørndnad for det åndelege, også dei nomadiske mongolane har prega den russiske arven.

Kanskje var det deira påverknad og kanskje var det kulturell eigendynamikk som gjorde at det utvikla seg ein vanvørndnad for verda parallelt med ei ærefrykt for det guddommelege og dei jordiske representantane tsar og kyrkje. For det øvre samfunnsskiktet mot slutten av førre hundreåret er det som om verda har forandra seg til Potjemkinkulissar: Ho er ikkje heilt verkeleg, eller i beste fall svært keisam. Tsjekhov syner oss denne verda og i første scenen av Mrozek's stykke er personane like livstrøytte. Hovudet søker liksom kroppen, nett som “varulvane i Krem!”.

Bolsjevikane sin revolusjon var ut frå dette synspunktet både eit svar på og ein variant over same temaet. Likesæla er bytt ut med ei ny verdsforakt, kombinert med eit fanatisk engasjement for deira sosiale ide. Den skal gjennomførast uansett kostnader.

“Det nye mennesket” skal skapast, det rettferdige lykkelandet skal stampast fram or jorda. Dei som

lever no har å ofre seg for den lysande framtida. På eit mindre dramatisk plan blir vinrankane hogde ned for at ideen om fråhald skal kunne gjennomførast. Og i Mrozek's skodespel, der temaet er kjærleiken, den utdelege og kraftfulle møtestaden mellom ide og røyndom, draum og lekam, er kjærleiken ti år etter revolusjonen forvandla frå eit svermeri ein vik attende for, til biologisk drift.

Ein måte å sjå det på er at det var den russiske ideforelskinga eller verdshatet Gorbatsjov ville til livs med sin perestojka-politikk. Den var retta inn mot den faktiske røyndomen, ikkje mot gjennomføringa av eit eller anna ideal; økonomien skulle bli reell, ikkje lenger vere ein fiksjon, eller “planøkonomi”.

I første omgang har dette ført til framveksten av eit nytt samfunnsskikt, nokon vil hevde at det er ein ny mennesketype, nemleg “den nye russaren”, eller “mafiaen”. Med noko ein litt karikert kan kalle ein typisk russisk fanatisme, har dei gripe tak i den delen av “røyndomen” som heiter pengar, og den dyrkar dei like omsynslaut og konsekvent som bolsjevikane dyrka sin marxisme. Russland kjem på ny liksom skeivt ut i høve til det vi er vane med i Vesten. Kapitalismen er for ein stor del blitt rein bandittverksemd. Ofte har prisane korkje samanheng med etterspørsel eller vareverdi, men skal gje “dei nye” eit høve til å syne seg fram, eller om ein vil, “brenne pengar”. På ein av dei nye “in” cafeane i St. Petersburg kostar ein cognac 238,5 dollar (den halve skal truleg markere at denne prisen er noko daglegdags) - altså omkring 1500 kroner, eller ei og ei halv gjennomsnittleg månadsinntekt. Dit går byens “Petjaer” når dei ikkje drikk cola.

Hos Mrozek er notid og framtid dyster. “Dei nye russarane” har teke over og forvandla alt til pengar: “Kjærleiken” er blitt til eksport av prostituerte til Vesten, ikkje berre ein kirsebærhage, men heile tajgaen er hogd ned og seld til japanarane. Figurar frå bolsjeviktida og det gamle Russland virrar omkring utan å kjenne seg heime. Akkurat som under revolusjonen drøymer nokon om å kome seg til Vesten. I bakgrunnen trugar dei storrussiske, imperialistiske spøkelsa: statsmakt og kyrkjemakt. Men vi skal ikkje gløyme at også i Vesten var framveksten av kapitalismen stygg, ja fælsleg. Profitten til den eine er tufta på lidinga til dei mange. Det er ingen grunn til å tru at “dei nye russarane” blir dei siste russarane. Russlands mulegheiter er ikkje uttømde.

*Peter Normann Waage*  
til nynorsk ved Ola E. Bø





Ei forandring eg har venta på i mitt hittil 60-årige liv, er ein dag å bli kvitt **Historia** (med størst mogleg H). At eg skal kunne kome vekk frå **Historia** og tilstrekkeleg langt bort, slik at livet mitt skal bli mindre diktert av **Historia** enn det har vore.

Eg vart fødd på ein slik stad og på eit slikt tidspunkt at mine tilvisingar til **Historia** sin gang er fulle av meining. Om eg hadde fått bestemme, hadde eg valt ein anna plass og ei anna tid. Det er ikkje min feil at **Historia** fekk ei akutt og individuell meining for meg. Eg kunne ha vore den forutan. Vil eg nokon gong bli fri frå det overdrivne kravet til **Historia**? Skal eg nokon gong kunne bli noko anna en det eg til no har vore, ein slags slave av **Historia**? Eg har ikkje berre vore ein slave av monsteret, eg har òg vore fascinert av det. Ein kan bli "høg" av alt mogleg, også av dop...

Mitt høgste ønske er å kunne forsone meg med to av mine motstridige tendensar - lengten min etter orden og min attrå etter anarki - å bli fri frå **HISTORIA** - om det er mogleg...

frå *Sjølebiografi*, av Slawomir Mrozek, 1930







Depotbiblioteket



96sd 17 540

## FRAMOVER SPELAR VI:

### Hovudscenen

Ut mai  
**TROLLMANNEN FRÅ OZ**  
av L. Frank Baum

Première 10. februar  
**BESØK AV EI GAMMAL DAME**  
av Friedrich Dürrenmatt

April til juni  
**EVANGELIET ETTER MARKUS**  
fortald av Svein Tindberg

I mai  
**DET E HARDT Å VÆRE MAINN**  
av og med Iren Reppen

### Scene 2

Première 7. februar  
**KJÆRLEIK PÅ KRIM**  
av Slawomir Mrozek

Première 23. februar  
**MOLLY SWEENEY**  
av Brian Friel

Première 21. mars  
**EIN SØRGJELIG TIME MED TOM  
TELLESEN - KANSKJE TO...**  
tekster av Kafka, Beckett m.fl

Urpremière 26. april  
**NOKON KJEM TIL Å KOMME**  
av Jon Fosse

### Prøvesalen

I juni  
**NORSK DRAMATIKKFESTIVAL**  
MED ATTERHALD OM ENDRINGAR.

det norske teatret